

Fiskestim frå 4 klasser



I 2. klasse produseres fargerike fiskar på løpande band

Sist fredag og denne fredagen går det føre seg noko spesielt i dei 4 første klassane på skulen - det blir teikna ein heil fiskestim som skal monterast på eit av dei store vindauga. Det er eit prosjekt under den paraplyen som kallast Den kulturelle nistepakka og ein Kvinnherad-kunstnar er sentral i opplegget. Han lagar til vanleg skulpturelle bilete.



Førsteklassing Ine Viktoria Naasen med fisken sin, som også heitar Ine

Kunstnaren er no busett på Hatlestrand, heiter Ian Garland og har norsk mor og engelsk far. Han har vakse opp i London men har budd her sidan 2009. Ian har vore mange sommarferier hjå besteforeldra på Hatlestrand.

- Vi er innom skulane i Kvinnherad i tur og orden med prosjekt. Mauranger og Hatlestrand var først ute og til hausten kjem turen til Omvikdalen og Malmanger, fortel Ian sin assistent Eva Attramadal.

- Kvifor fisk her i Uskedalen?

- Vi spurde kva dei hadde lyst til og svaret var at det burde vera noko som handla omfjorden. No fargelegg elevane kvar sin fisk, finn på namn, limar på portrettet sitt og skriv eit dikt på baksida. Det er ein omstendeleg prosess.

Engasjementet er stort, det er ikkje tvil om at dette har slege an, seier Eva, som avslører at prosjektet førebels ikkje er døypt. Men kva med Prosjekt Fiskestim?



Ian hjelper Sivert Stensletten i . klasse. Han har kalla fisken Olive etter bestevennen sin

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ian gjev gode råd i 2. klasse